

Frå null til hundre

+ Korleis få fart i businessen og korleis gjera det på ein effektiv måte? Dette har 13 nye bedrifter frå Sunnhordland arbeidd med dei siste dagane.

05.09.2017 kl 04:58



Magne Kydland
Tlf: 982 42 007


Det sentrale for oppstartsbedrifter er å få til smart og smidig forretningsutvikling slik at ein kan skaffa inntekter tidlegast mogeleg. Difor har 13 gründerar no delteke på kurset «Accel 2017 Stord»

– Me ser at alle gründerar som kjem til oss treng impulsar knytt til forretningsutvikling. Behovet varierer, men skal ein lukkast er det ein føresetnad at ein evnar å tileigna seg ny kunnskap, seier inkubatorleiar i Atheno, Kjetil Djuve.

Blant dei 13 bedriftene som har delteke på kurset er flesteparten av bedriftene deltakarar i inkubator-systemet til Atheno.

Samarbeidsprosjekt

– Accel 2017 er eit såkalla akseleratorprogram. Me kjenner alle til 0–100 km/t som er eit mykje brukt akselerasjonstal for bilar.



Kursa seg: Arnfinn Matre, Bithammer AS (t.v.), Stian Djuvsland, Funkworks AS, kurshaldar Caspar Macody Lund frå BTO, John Mæland, Bithammer AS og Erling Borgen frå Njord Aqua AS på kurs i førre veke.

annonse

SPAR 
SPAR HAGA

Alltid noko godt i varmdisken vår!

Målsetjinga for Accel 2017 Stord er at bedriftene som deltek skal få fart frå stillestående til god inntektsbringande fart for å seia det på ein litt forenkla måte, held Djuve fram.

Accel-kurset er eit samarbeid mellom Maritime Cleantech, DNB, BTO og Atheno. Blant deltakarane finn ein bedrifter frå både Bømlo, Fitjar, Tysnes, Austevoll og Stord. Erling Borgen i inkubatorbedrifta Njord Aqua AS frå Tysnes er ein av deltakarane.

Synergieffekt

– Ved å delta i inkubatoren til Atheno har me fått mykje hjelp til forretningsutvikling av bedrifta vår. Og med Accel har me fått enno meir nyttig påfyll for å utvikle Njord Aqua AS vidare. At det vert lagt til rette for at me får delta på denne type kurs, og samstundes møte og diskutere med andre gründerar synest eg er ein veldig bra effekt av å vera del av ein inkubator, fortel Borgen.




Erling Borgen.: Foto: -

«Accel 2017 Stord» vart avslutta torsdag. Då var til saman fire heildagsøktar unnagjort.

– Me ser gode synergjar av å vera medarrangør til eit slikt kurs. Dette gjer oss kunnskap om gründerane sine behov, og me får vera med på å påverke slik at dei har større mogelegheiter for å lukkast, seier Hrafn Thorsteinsson i DNB.

Klikk for å sjå kommentarar (0)

HAR DU FÅTT MED DEG DESSE?



Kven har farga «Gapesteinen»?



Slik stemmer lokale førstegongsveljarar



Ap til topps i skulevalet



Skriv om telturen han aldri gloymer



Her skal den nye grensa gå



24 vil bli SIM-sjef



Ingen skadd etter denne smellen



I dag er det er berre til å komma seg ut

Sunnhordland

Ansvarleg redaktør:

Magne Kydland

Besøksadresse: Fakturaadresse:

Borggata 15
Stord

Sunnhordland
Postboks 100
5401 Stord

Opningstider:

TIPS OSS!

Tipstelefon 404 03 240

Sentralbord mån-fre 08:00-15:30

Tlf: [53 45 00 00](tel:53450000)

[Mi side](#) | [Kundesenter](#) | [Marknad](#)

Kontakt oss:

[Kundesenteret](#)

[Vaktsjef](#)

© Sunnhordland. Allt innhold er opphavsrettsleg beskytta. Sunnhordland arbeider etter [Ver Varsam-plakatens](#) reglar for god presseskikk. [Pressens faglige utvalg](#) / [Redaktørplakaten](#) / [Personvern](#) og [informasjonskapslar](#) / [RSS](#)